

## Kvam Venstre

### Møtebok

**Årsmøte vart halde torsdag 8. desember 2011 kl. 19.30 i Kvam rådhus.**

Lagsleiar Agnar Høysæter ynskte velkomen til årsmøtet.  
9 frammøtte – 10 frammøtte frå sak 4.

### Saker

**1. Godkjenning av innkalling.** Vedtak: Innkallinga vert godkjend.

**2. Godkjenning av sakliste.**

Vedtak: Saklista vert godkjend med tillegg av nytt pkt. 8: Val av utsendingar til fylkesårsmøtet.

**3. Konstituering:** Etter framlegg frå styret vart desse valde: Møteleiar: Agnar Høysæter. 2.

Møtesekretær: Olav Skeie.

Val av 2 personar til å skriva under møteboka: Merethe Gauden og Hallvard Soldal.

**4. Årsmelding 2011.** Vedtak: Årsmeldinga vert godkjend.

**5. Rekneskap 2011.** Vedtak: Den reviderte rekneskapen vert godkjend.

**6. Fastsetting av lokallaget sin del av kontingenten for neste år, og budsjett for 2012.**

Vedtak: Styret rår til at lokallagskontingenten vert uendra, kr 120. Styret sitt framlegg til budsjett for 2012 vert vedteke.

**7. Vedtekter for Kvam Venstre.** Vedtak: Framlegget til nye vedtekter vert godkjent med desse endringane: 1) eit tillegg under §4: ”I kommunevalår skal styret nemna opp eit forhandlingsutval på 3 personar i god tid før valet”, og 2) ei endring under §3 ”Kvam Venstre sine folkevalde representantar dannar i heradsstyret si eiga gruppe med gruppeleiar.”

**8. Val av utsendingar til fylkesårsmøtet.**

Vedtak: Det nye styret får fullmakt til å velja utsendingar til fylkesårsmøtet.

**9. Val.**

Valnemnda si innstilling vart lagt fram, og det kom ikkje motkandidatar.

Desse vart valde:

Leiar:	Lars R. Djupevåg	tid	-	verv
Styremedlemmer:	Torill Handal	- 1 år		
	Sjur Tarjei Fykse	- 2 år	kasserar	1 år
		- 2 år	sekretær	1 år

Personen er ikkje på val des.-11, men funksjon:

Torvald Valland Mo	-	- opplæringsansvarleg	1 år
Vigdis Risnes Skeie	-	nestleiar	1 år

Varamedlemmer:	1. Ella Tveit	- 1 år
	2. Merethe Gauden	- 1 år

3. Edmund Larsen - 1 år
4. Hallvard Soldal - 1 år
5. Grunde Kræken Almeland - 1 år

Revisor: Johannes Berge - 1 år

Etter framlegg frå styret vart desse valde til ny valnemnd:  
Hogne Høysæter, leiar, og Louise Aarhus. Valet gjeld for 1 år.

### **Årsmøtesakene slutt kl. 20.40.**

Etterpå orienterte Merethe Gauden om arbeidet i det nye heradsstyret og formannskapet, og røynslene frå valet vart diskuterte.

Torill Handal las ”Legenda om dei fire lysa”, og takka Agnar Høysæter og Olav J. Skeie for arbeidet i styret.

Agnar Høysæter ynskte laget lukke til vidare med å finna løysingar på politiske spørsmål.

Olav J. Skeie (s)  
møtesekr.

Merethe Gauden (s)

Hallvard Soldal (s)